


Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



Sak nr 38/2011

Møtedato: 13.9.11

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S753

S 753, Vaset – søknad om fritidsfeste på stølshus

Sissel Ringen er eigar av Mostad 72/5 i Røn med støl 753 på Vaset. Ringen har vore i kontakt med fjellstyret i samband med at ho ynskjer å overføre stølsjordet til Ole Bjørn Før. Det har då vore drøfta kva som er alternativet for stølshusa. Om dette ikkje lengre er å rekne som ei jordbruksmessig eining etter fjellova §2, søker Ringen om fritidsfeste på stølshusa.

Fjellstyret har vore på befaring på Mostad 72/5 for å vurdere om dette lengre er å rekne som eit sjølvstendig jordbruk etter §2 i fjellova. Mostad 72/5 er ut frå gardskartet totalt på 56,7 daa og 8,5 daa er oppdyrka. Den dyrka jorda er delt av vegen. Det er brattlendt og er ikkje i god hevd. Det oppdyrka arealet på Mostad er delt i to av vegen frå Røn til Vaset. Det er ikkje hus heime på garden. På stølen er det samla 32,1 daa og 23,9 daa er fulldyrka. På stølen er det sel på 73 m² (BYA) og eit mindre uthus. Selet er i god teknisk stand. Stølsjordet er i god hevd.

Etter fjellstyret sitt syn er dette ikkje aktuelt å start opp gardsdrift på eigedomen og ein kan ikkje rekne Mostad 72/5 som eit jordbruksmessig eining etter fjellova §2.

Stølsretten fell bort når drifta på eigedomen er lagt ned og jorda teken i bruk til formål utanom jordbruk, eller fordi ein ikkje kan rekne eigedomen som ei jordbruksmessig eining eller jordbruk, jf. § 2 andre ledd i fjellova. Fjellstyret skal etter §16 i stølsforskrifta då gjera vedtak om stølen etter følgjande alternativ:

- at setra skal visast ut til eigedom i drift som treng seter, jf. §§ 6 og 7, eller
- at den tidlegare seterbrukaren må søkje Statskog SF om fest av tomt for seterhusa til fritidsformål, eller
- at seterbrukaren fjernar husa om verken overføring eller oppretting av festekontrakt er aktuelt.

Stølen til Mostad 72/5 ligg på Vaset. Store deler av Vaset er teke i bruk til turistutbygging og dette gjer stølsdrift i tradisjonell forstand vanskeleg. Det er derfor ikkje aktuelt å vise ut stølen til gardsbruk med behov for støl.

Normalt frårådar fjellstyret at det blir oppretta fritidsfeste på stølshus. Dette samsvarar også med kommuneplanen som set forbod mot oppretting av nye fritidsfeste i allmenningen, men ikkje for denne del av Vaset. Sidan dette ligg midt inne i det området som er regulert til turistutbygging vil ikkje fjellstyret lyse stølen ledig for eigedom som har behov for støl. Fjellstyret har i liknande saker tilrådd oppretting av fritidsfeste på stølshus for støl på Vaset (sak 50/95 og 52/95).

Stølen er i kommuneplan regulert er LNF-område og eventuell oppretting av feste til fritidsbustad må godkjennast av kommunen.

Vedtak

Stølsretten fell etter bort då fjellstyret finn at ein ikkje kan rekne eigedomen Mostad 72/5 som ei jordbruksmessig eining eller jordbruk, jf. § 2 andre ledd i fjellova. Området er ikkje eigna til å vise ut støl til eigedom med behov for støl og fjellstyret tilrår at Ringen kan søkje Statskog SF om fest av tomt for stølshusa til fritidsformål.

Fjellstyret vil ta stilling til utvising av stølsjordet som tilleggsjord til Ole Bjørn Før når ein har motteke søknad om dette.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 20.9.11

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Sissel Ringen, Statskog og Vestre Slidre kommune